



Vestnes
kommune

Diskusjonsgrunnlag

Kommuneplanens samfunnsdel

2024 - 2036



Innhald

- Innleiing
 - FN sine berekraftsmål
 - Vestnes mot 2060
- Bu
 - Befolking
 - Sysselsetting og integrering
 - Utdanning
- Skape
 - Bustadsutvikling
 - Nærings
 - Kultur
- Leve
 - Folkehelseprofil
 - Unge i Vestnes kommune
 - Livskvalitet og sosiale skilnader
- Bevare
 - Areal- og naturforvaltning
 - Klimautslepp og energibruk
 - Klimatilpassing og beredskap



Innleiing

Kommuneplanen legg grunnlaget for val og prioriteringar – politiske og administrative. Det er i kommuneplanen den lokale langsigtige politikken blir utforma. Den seier korleis vi ønsker at kommunen skal utvikle seg på lang sikt, og korleis vi skal jobbe for å nå måla.

Kommuneplanen blir delt inn i ein samfunnsdel og ein arealdel, og det er samfunnsdelen som er først ut. Føringar i samfunnsdelen skal vidareførast i arealdelen.

Diskusjonsgrunnlaget du les no, fortel oss korleis det står til i Vestnes kommune i dag og korleis det kanskje vil utvikle seg i framtida. Det inneholder statistikk, utviklingstrekk, og gir ei skildring av utfordringar og moglegheiter.

Dokumentet skal danne eit grunnlag for problemstillingar som skal diskuterast i planarbeidet. Denne diskusjonen ønsker vi at både innbyggjarar, politikarar og tilsette i kommunen tek del i.

Dokumentet er ikkje uttømmande, det er ei samanfatning av statistikk og analysar innanfor nokre tema. Nedst på kvar side er det sett inn lenker med kjelder til meir informasjon.



FN sine bærekraftsmål gir retning og innhold i planarbeidet

- **Økonomisk bærekraft** handlar om at vi må sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn.
- **Sosial bærekraft** handlar om å sikre god livskvalitet ved å styrke samhaldet og oppretthalde gode velferdstenester.
- **Miljømessig bærekraft** handlar om planeten si toleevne. Vi må utvikle lokalsamfunnet i ei bærekraftig retning og ta medvitne og smarte val når det gjeld bruk av dei avgrensane ressursane våre.

Les meir her:


[FNs bærekraftsmål \(FN.no\)](#)

[Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging 2023-2027 \(regjeringen.no\)](#)

[City snapshot Vestnes U4SSC KPI \(u4ssc.itu.int\)](#)

Bærekraftsmåla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samanheng. Måla gir oss ei ramme å jobbe ut ifrå. Dei bind det globale og det lokale saman og inspirerer til innsats og dialog på alle nivå, både tverrfagleg og tverrpolitisk.

Ein ny kommuneplan skal vere med på å ruste oss så godt som mogleg for å løyse utfordringar for framtida. Ved å legge bærekraftsmåla til grunn for alle aspekta med den nye kommuneplanen, sørger vi for å ha gode føresetnader for å møte morgondagen.




Vestnes kommune mot 2060

Regjeringa si perspektivmelding frå 2021 skildrar utfordringane Noreg står overfor fram mot 2030 og 2060. Korleis må vi prioritere for å møte framtida på ein slik måte at vi opprettheld gode levekår og livskvalitet for innbyggjarane?

Vi lever lenger, samstundes som det relativt sett blir færre i arbeidsdyktig alder til å ta hand om pleietrengande. I tillegg kan fruktbarheitstalet i landet gå frå 1,7 barn per kvinne til 1,5 i år 2040. Dei unge i dag må jobbe meir for å få same velferd som foreldregenerasjonen. Utviklinga dreg opp utgiftene til pensjonar og helse- og omsorgstenester. Samstundes vil skatteinntektene vekse saktare, fordi veksten i antal sysselsette flatar ut.

Ser vi fram mot 2060, aukar utfordringane, og det vil vere naudsynt med ei auke i arbeidsinnsatsen på 10-15 % for å lukke gapet i offentlege finansar. Då må vi lykkast på fleire område: fleire må sysselsettast, eldre må stå lengre i arbeid, og vi må legge til rette for innovasjon og nyskaping. Dette kan i tillegg hindre utanforskap og oppretthalde ei kompetent arbeidsstyrke.



På veg mot det grøne skiftet står verdssamfunnet overfor ei enorm, felles utfordring med å redusere utslepp av klimagassar. Overgangen til eit lågutsleppsamfunn vil krevje omstilling – både globalt og her heime.

Noreg har eit godt utgangspunkt for å handtere desse utfordringane. Vi har eit velferdssamfunn med god tilgang til utdanning, barnehagar og helsetenester. Saman med eit høgt nivå av tillit og ei jamm inntektsfordeling, bidreg dette til å ruste oss godt for å møte utfordringane som kjem.

Kunstig intelligens er på veg inn i samfunnet med stor fart og kan gi oss store moglegheter til å løyse oppgåver meir effektivt og kunne redusere behovet for meir arbeidskraft i framtida. Samstundes er det også ein del utfordringar med denne raske utviklinga. Dette kan m.a. vere knytt til personvern, feiltolkning som kan føre til ulykker, og auka straumforbruk. Kunstig intelligens må tene folk og ikkje erstatte dei.

Les meir her:

[Perspektivmeldingen 2021 \(Regjeringen.no\)](#)

[Dette er utfordringene med kunstig intelligens \(forskning.no\)](#)

[Ki-strategi \(regjeringen.no\)](#)





Bu

- Befolkning
- Sysselsetting og integrering
- Utdanning
- I korte trekk

11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



10 MINDRE
ULIKSKAP



8 ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



4 GOD
UTDANNING






- Tredje kvartal i 2023 var det 7 120 innbyggjarar i Vestnes kommune.
- Kommunegrensa mellom Rauma kommune og Vestnes kommune blei justert frå 1. januar 2021. Folketalet i Vestnes kommune auka då med 422 innbyggjarar.
- I 2022 auka folketalet med 161 personar, noko som skuldast nettoinnflytting, då spesielt frå flyktningar frå Ukraina. Det er usikkert kor mange som blir her over tid.
- Trass i veksten i folketal har vi eit fødselsunderskot.

Les meir her:


[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no/kommunestatistikk-2023)

Folketalsutvikling



Figuren viser befolkningsutviklinga i kommunen frå 2008 til 2023. Kjelde: MR Fylkeskommune, kommunestatistikken.

Folketalet i Vestnes kommune



- Kartet viser endringar i busetnad frå 2018-2023
- Endringane viser ei viss sentralisering og fråflytting frå nokre bygder.
- Det er dei sentrumsnære områda som har hatt størst vekst.
- Tettstaden Vestnes er den bygda der flest bur, deretter kjem Tomrefjord.
- Vikebukta har også fått ein del nye innbyggjarar

Les meir her:


[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no)

- Ifølge SSB vil folketalet krympe i 40 % av kommunane fram mot 2050.
- Noreg si befolkning blir sentralisert, byane vil vekse, medan det er liten eller ingen vekst i distrikta.
- Folkeveksten i Møre og Romsdal flatar ut fram mot 2038.
- Fram mot 2050 er det venta ein reduksjon i folketalet i Vestnes kommune til 6 699.
- Det er forventa at distriktskommunane vil få ei befolkning med høg alder (SSB 2022).
- Endringa i alderssamsettinga endrar behovet for tenester

Les meir her:

[Regionale befolkningsframskrivningar \(ssb.no\)](https://www.ssb.no/regionale-befolkningsframskrivningar)


Andelen yrkesaktive går ned, omsorgsalderen aukar



Figuren viser korleis aldersfordelinga i Vestnes kommune vil bli fram mot 2038. Andelen over 65 år aukar og andelen under 20 år går ned. Kjelde: SSB

Innvandring

Tal innvandrarar etter land, 2023 (15 største populasjonane) - Vestnes



Figuren visar dei 15 største populasjonane av innvandrarar i Vestnes kommune i 2023.
Kjelde: Kommunestatistikken 2023 M R Fylkeskommune

- Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjer 15 % av befolkninga i Vestnes kommunen. Den største gruppa har til no vore arbeidsinnvandrarar. Dei fleste kjem frå Polen.
- Innvandring vil etter prognosane vere den einaste kjelda til befolkningsvekst i kommunen framover.
- I 2022 busette kommunen 145 flyktningar og i 2023 tok vi i mot 111. IMDi har oppmoda oss om å busette 100 til i 2024.
- Innvandrarar og barna deira er mindre stadbundne og flyttar oftare enn andre. Arbeidsinnvandrarar flyttar oftare enn flyktningar som har vore gjennom introduksjonsprogrammet.

Les meir om temaet:

[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](#)

[Tall og fakta om innvandrere og integrering \(imdi.no\)](#)

- Utdanningsnivået i Vestnes kommune er lågare enn i fylket og i landet elles. Nesten 29 % av innbyggjarane i kommunen har ikkje utdanning utover grunnskule.
- Resultata på nasjonale prøver har vært låge over fleire år. I 2022 scora elevane lågare enn landsnivået i lesing, rekning og engelsk. Dette gjeld både 5., 8. og 9.trinn. Resultata er noko forbetra i 2023.
- Alle elevane i Vestnes kommune har starta opp i vidaregåande opplæring dei tre siste åra, men samtidig er det 3 av 10 som ikkje fullfører.
- Elevane våre ligg under både lands- og fylkesgjennomsnittet for fullføring av vidaregåande skule. Dette gjeld både yrkesfaglege og studieførebuande program. Sjå figur på neste side.

Les meir om temaet:

[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](#)


[Statistikk grunnskole \(udir.no\)](#)

[Tilstandsrapport for grunnskolen 2022](#)

[Gjenomføring av vidaregående opplæring \(udir.no\)](#)


Utdanning og skule

Befolkingas utdanningsnivå



Figuren viser høgste fullførte utdanningsnivå i befolkninga på kommune, fylke og landsnivå. Kjelde: SSB

Gjennomføring i vidaregående skule 2016-kullet




Figuren viser gjennomføring vidaregående skule etter heimkommune, 2016-kullet. Kjelde: Kommunestatistikken M&R Fylkeskommune

Sysselsetting og rekruttering

- Vestnes kommune utmerkar seg ved å ha mange arbeidsplassar innan sekundærnæringar. Skipsindustri og relaterte verksemder er den store berebjelken for sysselsettinga.
- I kommunen vår er 84 % av alle sysselsette innanfor helse og sosialtenester kvinner, medan 85 % av alle sysselsette i industrien er menn. Innanfor undervisningssektoren er 71 % kvinner.
- Det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft i alle bransjar, men spesielt innanfor skule- og helsesektoren. Det er forventa at denne utfordringa vil auke.
- Om lag 2/3 av alle nyutdanna i 2030 må utdannast innan helse og sosial om vi skal ha same pleiefaktoren som i dag. Mangel på kvalifisert helsefagleg kompetanse er ei nasjonal utfordring.


Les meir her:

[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](#)
[Statistikkbanken, sysselsetting \(SSB.no\)](#)



Figuren viser andelen av dei sysselsette i Vestnes kommune innafor dei ulike sektorane.
Kjelde: SSB

Endring i sysselsettinga



Figuren viser endringa i sysselsettinga frå 4.kvartal 2021 til 4.kvartal 2022. Kjelde: SSB

- I perioden 2021 til 2022 hadde Vestnes kommune ein sysselsettingsvekst på mellom 0 og 2,4 %, dette er om lag på nivå med resten av regionen.
- Møre og Romsdal er ein av dei mest eksportretta regionane i Noreg. Over 10 % av all norsk eksport (minus olje og gass), kjem frå Møre og Romsdal.
- Verftstradisjonen og båtbyggarkulturen står sterkt, med dei fire verfta Aas Mek. Verksted AS, Solstrand Verft AS, Salthammer Båtbyggeri AS og Vard Langsten.
- Pensjonssystemet er endra, og den som står lenger i arbeid blir «premiert» med høgare årleg pensjonsutbetaling. Likevel har den gjennomsnittlege pensjonsalderen dei seinare åra, ifølge NAV, vore stabil på 65 år.
- Sysselsette over 67 år er ein svært viktig ressurs for arbeidslivet.

Les meir her:

[Kommunestatistikk 2023 \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no)


- Sysselsettinga blant innvandrarar i kommunen svingar over år. Flyktingar er den gruppa av innvandrarar som lågast sysselsettingsandel.
- Tal frå IMDi viser at kommunen lukkast med introduksjonsprogrammet. Heile 89 % av dei som avslutta i 2016, var i arbeid eller utdanning i 2021. Landsgjennomsnittet er 68 %.
- Deltakarar i introduksjonsprogrammet har hatt ein kraftig auke etter krigen i Ukraina. I 2022 deltok 55 personar. Høgare tal er venta for 2023 og 2024.
- I 2023 arrangerte Vestnes Næringsforum, NAV og flyktningetenesta to arbeidsmesser. Det resulterte i 25 avtalar om praksisplass.

Les meir her:

[Tall og fakta om innvandring og integrering \(IMDi.no\)](#)

Sysselsetting blant innvandrarar

Sysselsettingsandel 2006-2022



Figuren viser andel sysselsatte fordelt etter bakgrunn i perioden 2006 til 2022 i Vestnes kommune. I 2022 såg vi ein nedgang i sysselsettinga blant innvandrarar frå 66,8% til 64,3%. Kjelde: IMDi

I korte trekk

Utfordringar

- Prognosar viser at folketalet vil gå ned fram mot 2030.
- I åra framover viser prognosane at kommunen vil få fleire eldre og færre i arbeidsdyktig alder. Dette skuldast mellom anna at dei unge flyttar og at befolkninga lever lenger.
- Sentraliseringa vil halde fram i åra framover. Dette gjeld både nasjonalt, regionalt og lokalt
- Vestnes kommune scorar lågt på nasjonale prøver i grunnskulen og antalet som fullfører vidaregåande opplæring er lågare enn elles i fylket.
- Det er vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft i alle bransjar, men spesielt innanfor skule- og helsesektoren. Det er forventa at denne utfordringa vil auke.

Moglegheiter

- Innvandring fører til auke i folketalet. Dei siste åra har det også kome eit stort antal familiar.
- Vestnes kommune har lykkast med integrering av flyktningar, mange har komme i arbeid.
- Sysselsette over 67 år er ein viktig ressurs i arbeidslivet, dei vil bli enda viktigare framover.
- I kommunen vår står ca. 1/3 av dei over 15 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak, desse kan vere ein viktig ressurs ved rett tilrettelegging.
- Vår plassering i fylket gjer at kommunen kan tilby eit rikt tenestetilbod og ein variert arbeidsmarknad innanfor 60 minutt reisetid.



Skape


- Bustadutvikling
- Næring
- Kultur
- I korte trekk



Bu- og næringskommune

Pendling inn og ut av Vestnes kommune

Per 4. kvartal 2023



Figuren viser ut og inn -pendling fra Vestnes kommune. Piler ut er utpendling, medan pilar inn er innpending. Kjelde: M&R Fylkeskommune

- Vestnes kommune har ei arbeidsplassdekning på 85 %. Det vil seie at ein stor del av innbyggjarane kan jobbe i eigen kommune.
- Vår plassering i fylket gjer at kommunen kan tilby et rikt tenestetilbod og ein variert arbeidsmarknad med ei reisetid innanfor 60 minutt. Dette gjer det enklare for familiar å busette seg hos oss.
- Plasseringa gjer det også mogleg å rekruttere arbeidskraft frå andre kommunar og kan gjere oss til ei attraktiv plassering for ny næringsverksemd.
- Kommunen er avhengig av rimeleg, stabil og fleksibel kollektivtransport i fylket. Pendlarar har i dag låge bompengekostnadar og gratis ferje til Molde for passasjerar.

- Kommunen har som mål å ha kommunale tomter å tilby i alle delar av kommunen. Prisane varierer, basert på sjølvkost.
- Tilgjengelege tomter og bustader i heile kommunen gjer det mogleg å busette seg på staden du kjem i frå. Det er eit viktig bidrag for å oppretthalde livskraftige bygder.
- Vi ser ein trend der utbyggjar tek hand om både tomtekjøp og oppføring av bustad før denne vert sold vidare.
- Over tid har det i heile kommunen blitt fleire tomannsbustader og rekkehus. Dette er noko vi trur vil bli meir av i framtida.
- Dei siste 10 åra har det blitt fleire åleinebuande, og par utan heimebuande barn. Det vil auke i behovet for fleire små og rimelege bustadeiningar.
- I distriktskommunar kan ofte byggjekostnadene være høgare enn bustadverdien, noko som kan gjere nybygging lite attraktivt.

Les meir her:

[Ledige kommunale bustadtomter
\(Vestnes.kommune.no\)](#)
[Bomiljø og folkehelse \(fhi.no\)](#)


Bustadsutvikling

Bustader i Vestnes kommune	2019	2020	2021	2022	2023
Enebolig	2611	2621	2813	2818	2824
Tomannsbolig	159	169	194	197	203
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	204	214	236	236	247
Boligblokk	259	260	260	260	260
Bygning for bofellesskap	53	53	53	53	51
Andre bygningstyper	91	91	112	116	116

Figuren viser bustader etter bygnadstype frå 2019 til 2023. Endring frå 2020 til 2021 er i stor grad knytt til grensejustering mot Rauma.

Kjelde: SSB [Statistikkbanken \(ssb.no\)](#)

Næringsstruktur



Figuren viser næringsstruktur i kommunen, fylket og landet, per 4.kvartal 2022.

Kjelde: SSB

- Tal frå fylkesstatistikken syner at den største næringa i Vestnes kommune er sekundærnæringa (industri, bygg og anlegg med meir), rett før helse- og sosialtenester.
- Helse- og sosialtenestene er i stor grad knytt til den kommunale drifta. Vi var tidlegare vertskommune for personar med psykisk utviklingshemming, der svært mange fekk bu i kommunen også etter HVPU-reforma på 90-talet.
- Sørvisnæringer er den tredje største næringa vår. Handelsnæringa har vore i vekst, parallelt med ei bevisst satsing på tettstadutvikling.
- I 2022 var det 219 nyetableringar av selskap (alle typar) i Vestnes kommune. Det totale talet på selskap er 1 583 (Alle typar).
- Vestnes kommune har lite variasjon i næringslivet. Det gjer oss sårbarere for konjunktursvingingar og kan gjere oss mindre attraktive som bukommune.

Les meir her:

[Fylkesstatistikk 2023 - 4. Sysselsetting og næringsliv \(mrfylke.no\)](https://www.mrfylke.no/Fylkesstatistikk-2023-4-Sysselsetting-og-næringsliv)



- Det er over 19 000 dekar fulldyrka jord i Vestnes kommune, det meste blir nytt til produksjon av grovfôr. Vidare er det er kartlagd 36 563 dekar som kan dyrkast opp til å bli fulldyrka areal.
- Matjord er ein knapp ressurs. I dag importerer Norge 60 % av maten vår. Nok, trygg og kortreist mat vil bli ein viktigare del av livskvaliteten og beredskapen vår framover.
- Den produktive skogen utgjer ca. 37,5 % av kommunens landareal. Trefiber er ein framtidsretta ressurs og potensialet er stort for auka verdiskaping.
- Havbruk i kommunen består i dag i all hovudsak av fiskeoppdrett. Dette er ei næring i vekst der regionen har kompetanse og erfaring.

Les meir her:

[Fylkesstrategi for landbruk \(Regjeringen.no\)](#)

[Et hav av muligheter \(Regjeringen.no\)](#)

Land-, skog- og havbruk



Figuren viser verdiskaping i jordbruk, bruttoprodukt i million kroner. Tala er frå 2020. Kjelde: [Verdiskaping og sysselsetting i landbruket i Møre og Romsdal](#)



Kultur



Tomra Brassband. – Foto: ©Ziggi

- Vestnes kommune har eit svært allsidig kulturliv med eit mangfold av lag, organisasjonar og enkeltmenneske som kvar dag gjer ein stor innsats for si bygd og sitt nærmiljø.
- I følgje SSB er det registrert 30 lag i kommunen, medan det reelle antalet er minst det dobbelte.
- Vi har fleire aktørar innan kulturfeltet som har blitt lagt merke til både regionalt og nasjonalt.
- Møre og Romsdal er eit ynda reisemål og i dette ligg eit stort potensial for samarbeid mellom kultur og reiseliv.
- Kultur, idrett og frivillig aktivitet har stor eigenverdi og er viktige bidrag til identitet, bulyst og rekruttering.

Les meir her:

[Norsk kulturindeks Møre og Romsdal
\(kulturindeks.no\)](http://Norsk kulturindeks Møre og Romsdal (kulturindeks.no))
[Lag og organisasjonar \(iVestnes.no\)](http://Lag og organisasjonar (iVestnes.no))

- Brei og høg deltaking i frivilligheita er viktig for å sikre tillit, fellesskap, beredskap, likestilling, kompetanse og velferd.
- Den frivillige innsatsen aukar, men vilje til å ta langsigte verv og driftsoppgåver har gått ned. Folk spreier engasjementet sitt meir enn før. Medlemsrekrytering er utfordrande og krev meir målretta innsats enn tidlegare.
- Når forskarane ser på kven og korleis frivillige blir rekruttert, viser det seg at 71 % av dei frivillige blir rekruttert gjennom å bli spurt eller fordi dei får høyre om det gjennom kjende.
- Mangel på nettverk og kunnskap om korleis ein kjem seg inn i frivillig arbeid er ei sentral barriere for auka deltaking. Dette fører ofte til at innvandrarar, tilflyttarar og andre står utanfor.
- Vestnes frivilligsentral er eit bindeledd mellom frivilligkeit og kommune og ein tilretteleggjar av frivillig aktivitet.
- SMUD er ein terskelfri møteplass for alle ungdommar i Vestnes kommune. Klubben er eit samarbeid mellom kommunen, Vestnes Røde kors og andre frivillige.


Les meir her:

[Meld. St 10 \(2018-2019\) \(regjeringen.no\)](#)

[Statistikk og forskning \(frivillig.no\)](#)

Frivilligkeit

De som ikke er frivillige har ikke blitt spurt




Figuren viser at 61 % av Norges befolkning allereie er involvert i frivillig arbeid på et eller anna plan. Av dei resterande 39 % som ikkje er involvert er det berre 19 % av dei som ikkje ønsker å vere det. Kjelde: [frivillig.no](#)



Kulturskule

Fordeling av elevar i fagkategoriar. pr. 1.1.24 - 389 elevplassar



Figuren viser fordelinga av elevar i dei ulike fagkategoriane. Kjelde: Vestnes kulturskule

- Aktiv kulturskule med høg grad av deltaking og høg kompetanse i personalet. Det er undervisning i alle skulekrinsar med ein sentral base på Helland.
- Det meste av aktiviteten er retta mot skulekorpsa og dansefaget.
- Talet på elevplassar har gått ned sidan før pandemien. I 2023 har vi 389 elevplassar i kulturskulen, medan vi har 272 unike elevar. Dette skuldast at mange elevar er registrert på fleire fag/tilbod.
- Kulturskulen manglar tilbod innan sentrale fagfelt som t.d. visuell kunst, teater og litteratur og har eit stort unytta potensiale innan tradisjonelle kulturfag og i samarbeidet med andre delar av oppvekstsektoren.

Les meir her:

[Vestnes kulturskule \(vestnes.kommune.no\)](http://vestnes.kommune.no)
[Statistikkbanken - Kulturtilbod \(SSB.no\)](http://www.ssb.no)

- Biblioteket er ein open, terskelfri møteplass for alle grupper av samfunnet, og flytting til Stella Maris i 2021 har opna for nye brukargrupper. «Meirope bibliotek» er ein suksess.
- Utlånstala er høge for dei fleste brukargruppene, men framleis lågare enn før pandemien.
- Bibliotekscena er blitt ei populær kultur- og debattscene og samlokalisering med Frivilligentralen har gjort samarbeidet enklare.
- Auka tal på flyktninger viser igjen i brukargruppene som nyttar biblioteket som møteplass.
- Biblioteket er mykje brukt av barn og unge etter skuletid.


Les meir her:

[Statistikk \(bibliotekutvikling.no\)](#)

[Biblioteket \(Vestnesbibliotek.no\)](#)

Vestnes bibliotek

Antall besøk per innbygger



Figuren viser antal besøk per innbyggjar samanlikna med gjennomsnittet i same kostra-gruppe og i kommunar med tilsvarende innbyggartal. Kjelde: SSB

I korte trekk

Utfordringar

- Vestnes kommune har lite variasjon i næringslivet som gjer oss sårbar for konjunktursvingingar og kan gjøre oss mindre attraktive som bukommune.
- Kommunen er avhengig av rimeleg, stabil og fleksibel kollektivtransport i fylket.
- Nokre grupper i samfunnet fell utanfor kulturlivet både som publikum og deltakrar.
- Kulturskulen i kommunen manglar fagleg bredde i tilboda sine.
- Fleire åleinebuande vil føre til ei auke i behovet for fleire mindre og rimelege bustadeiningar.

Moglegheiter

- Lokalt næringsliv med tradisjon og spisskompetanse og med nasjonal- og internasjonal kundekrets.
- Mange lag og foreiningar bidreg til eit rikt kulturtildelod for innbyggjarar i alle aldrar. Dette styrkar samhald, identitet og inkludering.
- Regionen er eit ynda reisemål og i dette ligg eit stort potensiale for samarbeid mellom kultur og reiseliv.
- Tilgjengelege tomter og bustader i heile kommunen er eit viktig bidrag for å oppretthalde vedlikehaldsvekst i bygdene.



Leve

- Folkehelse
- Ungdommen
- Livskvalitet og sosiale skilnader
- I korte trekk



Folkehelseprofil



Nærmiljøkvaliteter som har betydning for helse og livskvalitet. Kilde: Folkehelseinstituttet

- Levealder i Vestnes kommune er noko lågare enn fylket og landsnivå, både for menn og kvinner.
- Vi har ein større andel personar med overvekt og fedme ved sesjon enn nivået i fylket og elles i landet. Andelen er aukande.
- Vestnes kommune har god luftkvalitet og lite forureining samanlikna med resten av landet.
- I Vestnes kommune har vi ein relativt høg andel (34,1%) som er utafor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak.
- Innbyggjarane i kommunen føler seg tryggare i nærmiljøet enn landsgjennomsnittet.
- Fleire ungdommar er aktive i organiserte lag, kor, korps og kulturaktivitetar enn i resten av landet.

Les meir her:

[Folkehelseprofil 2023 \(fhi.no\)](#)

[Folkehelseundersøkinga i Møre og Romsdal \(fhi.no\)](#)

[Folkehelserapporten \(fhi.no\)](#)

- Friluftsaktivitetar er viktig for folkehelsa, trivsel og samfunnsøkonomien. Turstiar og turløyper er den anleggstypen flest brukar, og er eit viktig folkehelsetiltak.
- Studiar viser at vaksne som bur 1-10 min. frå eit friområde, park eller turveg har høgare aktivitetsnivå enn dei som bur lengre unna.
- Kommunen har eit stort nettverk av tilrettelagte turstiar. Stikk UT! er ein turkassetrim koordinert av Vestnes Frivilligentral som har inspirert mange til å gå på tur og oppleve naturen, og frivillige i kommunen vår har gjort ein stor innsats med å beskrive turar og skilte og merke turmåla.
- Sommaren 2023 var om lag 11 % av innbyggjarane i Vestnes kommune aktive i Stikk UT! Med 14 226 registrerte turar.
- BUA, ein gratis utstyrssentral drifta av Frivilligentralen, gjer terskelen lågare for å delta i friluftsliv og utandørsaktivitetar.
- Fleire frivillige ønsker å legge til rette for nye turområde, kommunen vil hjelpe med søknader til fylket.

Les meir her:

[StikkUT! \(stikkut.no\)](http://StikkUT! (stikkut.no))


[Fysisk aktivitet – Lokalt folkehelsearbeid \(helsedirektoratet.no\)](http://Fysisk aktivitet – Lokalt folkehelsearbeid (helsedirektoratet.no))

Friluftsliv



StikkUT er eit populært tiltak som engasjerer mange. I sommarsesongen 2023 var det 704 aktive deltagarar i kommunen som registrerte 14226 besök på dei 15 turmåla.

Korleis har barn og unge det?



Figuren viser resultat frå Ungdataundersøkingar i Vestnes kommune frå 2021. 210 elevar på ungdomstrinnet deltok. (Tal frå 2017 i parentes, blått)

- Ungdata-undersøkinga i 2021 viser at ungdommen i kommunen har mindre tru på framtida enn i resten av landet. Berre 58 % svarar at dei trur dei vil få eit lykkeleg liv som vaksne. I 2017 svarte 71 % det same.
- Ungdomskuleelevarane oppgir at dei opplever det som trygt å vere ute om kvelden, men dei er mindre fornøgd med idrettsanlegg, kulturtilbod og andre møteplassar enn landsgjennomsnittet.
- Ungdommane våre trenar mindre og er meir overvektige enn landsgjennomsnittet.
- Om lag 60 % av 13-åringane i fylket deltek i organisert idrett, medan talet er 25 % i slutten av tenåra. Fråfallet er større blant jenter enn gutter.
- Ungdata-undersøkinga vart gjennomført i 2021 under COVID-19 pandemien. Fleire negative faktorar blei forsterka og forverra under pandemien.

Les meir her:

[Ungdata.no](https://ungdata.no)

[Norsk Idrettsindeks \(idrettsindeks.no\)](https://idrettsindeks.no)

[Anlegg for idrett og fysisk aktivitet \(moreforsk.no\)](https://moreforsk.no)



- Figurane på venstre side viser andelen jenter og gutter i Noreg (i prosent) som var registrert med diagnosekode for psykiske lidinger i primærhelsetenesta i perioden 2008–2022, etter alderskategorier.
- Talet på unge med depresjon og angst i Noreg har dobla seg dei siste ti åra.
- I tida frå 2010 og til i dag har antal timar unge brukar stillesittande framfor ein skjerm auka dramatisk. Bruken av sosiale medier kan vere ein faktor som har uheldige verknader.
- Fleire studiar har vist at unge i større grad enn før er uroa for sosiale relasjoner, helse, kropp og trening.
- Psykiske plager og lidinger i barne- og ungdomsåra aukar risikoen for mobbing, fråfall frå utdanning og arbeidsliv, rusmisbruk, manglende sosial støtte og manglende deltaking, tilhørsle og meistring.


Les meir her:

[Depresjon og angst blant unge i Noreg \(framtida.no\)](#)


[44 prosent av tenåringsjenter i Norge plages av stress og tunge tanker \(gemini.no\)](#)

[Psykiske plager og lidelser hos barn og unge \(fhi.no\)](#)

Psykisk helse




Gutter registrert med psykiske lidelser i primærhelsetjenesten



Kjelde: Folkehelserapporten – psykiske lidinger hos barn og unge. ([FHI.no](#))

Trivsel i skulen



Figuren viser resultat frå elevundersøkinga i perioden 2017-2023. Kjelde: Udir

- I 2021 såg vi ei auke i antal barn på 7. trinn som følte seg mobba. Mobbing, faglege vanskar, negative forhold til lærarar og manglande støtte frå elevar og vaksne gir auka risiko for skulefråvær og psykiske helseplager.
- Andelen som trivst på skulen på 7. trinn går ned, og andelen i Vestnes kommune har blitt lågare enn i fylket og på landsbasis. Trivsel på skulen er ein av fleire faktorar som påverkar motivasjon, og dermed evna til å meistre skulekvardagen.
- Hol i kunnskapsgrunnlaget frå ungdomsskulen er ei viktig medverkande årsak til fråfall i vidaregående skule.
- I perioden 2022 – 2025 er Vestnes kommune ein del av oppfølgingsordninga hos Statsforvaltaren. Det gir tilbod om støtte og rettleiing til å skape betre læringsmiljø og læringsresultat for kommunen.

Les meir her:

[Elevundersøkelsen \(udir.no\)](#)

[Tilstandsrapport for grunnskulen 2022](#)

[Trivsel, læring og gjennomføring i skulen \(fhi.no\)](#)

[Oppfølgingsordning for kommuner \(udir.no\)](#)

- Ein av ti unge mellom 15 og 29 år står utanfor utdanning, arbeid og opplæring.
- Manglande sosial inkludering og oppleving av meistring i oppveksten kan føre til fråfall i vidaregående opplæring. Ungt utanforskap kan føre til et liv utanfor arbeid og inkludering på viktige samfunnsarenaer.
- Samfunnuskostnadane ved at ein 19-åring står utanfor arbeidslivet fram til fylte 62 år, utgjer 15,9 millionar kroner.
- I 2015-kullet var det 25 % som ikkje hadde fullført vidaregående opplæring ved utgangen av 2021. Vestnes kommune er av dei kommunane i fylket med lågast gjennomføringsgrad totalt sett.
- I 2022 hadde 36,9 % av innvandrarane i kommunen i alderen 16-25 år ikkje fullført vidaregående opplæring. Andelen var heller ikke under pågående opplæring.

Les meir om temaet:


[Meld. St. 32 \(2020–2021\)](#)

[Unge som står utenfor arbeid, opplæring og utdanning \(ks.no\)](#)

[Trivsel, læring og gjennomføring i skulen \(fhi.no\)](#)

Ungt utanforskap

Ungdom (15-29 år) utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak (NEET)




Andel av ungdom som er utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarkedstiltak, 2022
(NEET= Not in Employment, Education or Training) Kjelde: SSB.




Dei eldre har fått det betre

Symtomer på depresjon hos kvinner i HUNT



Symtomer på depresjon hos menn i HUNT



Andel av kvinner og menn som skårer med eit høgt nivå av depresjonssymptomar i Helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag i årene 1995-1997, 2006-08 og 2017-19, målt med Hospital Anxiety and Depression Scale (HADS). Kjelde: Kroksstad et al., 2022

- Eldre greier seg i større grad sjølv, og har betre ibuande kapasitet og betre fysisk og kognitiv funksjonsevne enn tidlegare.
- Risikoen for å få demens går ned for kvar einskild, men antalet med demens aukar fordi det blir mange fleire eldre.
- Mange eldre er tilfredse med livet, men i særleg høg alder aukar førekomensten av depressive symptom og einsemrd.
- Forsking indikerer at eldre i snitt vil vere hjelpetrengande i færre år enn dei var for nokre tiår sidan. Med andre ord ser det ut til at auken i forventa levealder også følgast av fleire funksjonsfriske år.
- Mange eldre fungerer godt i daglelivet, og nye forskingsfunn tyder på at eldre kan leve sjølvstendige liv ved stadig høgare alder. Auken i antalet eldre gjer likevel at prognose for 2038 gir ei nær dobling i antal eldre som treng hjelp av kommunen.

Les meir her:

[Fylkesstatistikk 2023 - 10. Helse og levekår \(mrfylke.no\)](#)

[Psykiske plager og lidelser hos voksne \(fhi.no\)](#)

[Seniorene holder seg sterke og selvhjulpne lenger. \(fhi.no\)](#)

- Livskvaliteten i Noreg er generelt høg, men den er skeivt fordelt.
- Studiar viser at sosiale skilnader gir utslag i subjektiv livskvalitet. Dei som oppgir dårlig livskvalitet, er særleg personar med levekårsrelaterte problem som dårlig økonomi, arbeidsløyse og uføre.
- Andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt har vore lågare hos oss enn landsnivået. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.
- Andelen barn i familiar som har fått sosialhjelp minst éin gong i løpet av året er lågare i Vestnes kommune enn landsnivået.
- I Vestnes kommune er andelen som bur trontgå i fylket og på landsnivå.


Les meir her:

[Sosiale forskjeller i livskvalitet \(ssb.no\)](#)

[Utjevning av sosial ulikhet i kommunene
\(Helsedirektoratet.no\)](#)

Sosiale skilnader


Personar i hushald med låginntekt
(prosent)



Kjelde: Inntekts- og formuesstatistikk for husholdninger [SSB.no](#). Studenthushald og aleinebuande under 18 år er ikkje inkludert.



Bustadsosialt arbeid



Suksessfaktorar for godt bustadsosialt arbeid. Kjelde: [Husbanken.no](https://husbanken.no)

- Frå 01.07.2023 gjeld ei ny bustadsosial lov (Lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet).
- Lova skal mellom anna bidra til at fleire vanskelegstilte får nødvendig hjelp, og at nivået på bustadsosial bistand blir meir lik kommunane imellom.
- Lova inneber ei skjerping ved at kommunen no har plikt til å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga si, og det er visse krav til saksbehandlinga.
- For tida leiger kommunen 76 privatbustader til flyktningar. Kommunen har 2 nødbustader og 91 omsorgsbustader. I alt er det 37 sosialbustader. Dette inkluderer også dei bustadene som Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig.
- Husbanken vil rettleie og følgje opp alle kommunar gjennom eit heilsakleg tilbod av økonomiske verkemidlar, aktivitetar og verktøy.

Les meir her:

[Bustadsosiale omsyn i planlegging \(husbanken.no\)](https://husbanken.no)
[Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no)



- Kort fortalt er ei innsatstrapp ein modell som viser grad av inngrep i innbyggerane sine liv. Jo høgare opp i trappa, desto større kommunalt inngrep.
- Målet er å dreie ressursane mot meir eigenmeistring og førebyggande tiltak, det vil seie å bevege seg nedover i trappa og møte innbyggerane sine behov på lagaust mogleg trinn.
- Gjennom å legge til rette for auka samhandling og styrking av det førebyggande arbeidet, vil vi bidra til både å utsette og redusere behovet for dei mest ressurskrevjande kommunale helse- og omsorgstenestene våre.
- Et ad hoc-utval har kartlagt status og vil jobbe vidare med å definere mål og strategiar. Arbeidet skal nyttast som grunnlag for å definere mål og strategiar i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Les meir her:

[NOU 2023:4 Tid for handling \(regjeringen.no\)](#)

Innsatstrappa under utarbeiding



Figuren viser Agenda Kaupangs innsatstrapp, som legger vekt på førebuande arbeid i kommunane. Kjelde: Illustrasjon frå Agenda Kaupang



I korte trekk

Utfordringar

- Dei unge opplever mindre framtidstru og er meir ulykkelege enn før.
- Ein av ti unge mellom 15 og 29 år står utanfor utdanning, arbeid og opplæring.
- Ungdom i Vestnes kommune trenar mindre og er meir overvektige enn landsgjennomsnittet.
- Elevane våre har därlegare trivsel og lågare resultat på nasjonale prøver enn landsgjennomsnittet.
- Andelen hushald med låginntekt er aukande.

Moglegheiter

- Innbyggjarane i kommunen føler seg tryggare i nærmiljøet enn landsgjennomsnittet.
- Kommunen har eit stort nettverk av tilrettelagte turstiar.
- Vi har betre luftkvalitet og mindre forureining enn landsgjennomsnittet.
- Eldre greier seg lengre sjølv og er lykkelegare enn før.
- Vestnes kommune har mindre barnefattigdom og færre veks opp i familiar med einsleg forsørgjar enn i resten av landet.



Bevare

- Naturforvaltning
- Klimagassutslepp og energi
- Klimatilpassing og beredskap



15 LIVET PÅ LAND



14 LIVET I HAVET



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE




7 REIN ENERGI TIL ALLE



6 REINT VATN OG GODE SANITERFORHOLD



Arealbruk



Figuren viser fordelinga av areal i kommunen i 2023.

Kjelde: Nibio.no

- Vi har omlag 23 000 dekar jordbruksareal, som utgjer 5,8 % av kommunens landareal. 2,1 % av arealet i kommunen avsett til bygnad og samferdsel.
- Regjeringa vil at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikke skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal være nådd innan 2030. Planlagde prosjekter til samferdselsformål vil nytte tett på dette arealet. Det betyr at kommunane har lite å gå på til andre formål.
- Effektiv arealbruk er viktig for å redusere forbruk, klimagassutslepp og tap av natur og kulturmiljø.
- Arealplanlegging som varetak natur har betydning for naturmangfold og økosystem, opptak og lagring av karbon, handtering av overvann, lokalklima, forureining, friluftsliv, helse og trivsel og en rekke andre økosystemtenester.

Les meir her:

[Arealbarometer for Vestnes \(nibio.no\)](#)

[Omdisponering av jordbruksareal
\(Regjeringen.no\)](#)

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027 \(regjeringen.no\)](#)


- FN definerer to miljømessige, globale hovudutfordringar; tap av naturmangfald og klima-endringar.
Naturmangfald omfattar både biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald.
- Utfordringane er globale, men mange må løysast lokalt. Kommunane har eit særleg ansvar for å sikre berekraftig bruk og forvaltning av naturen.
- Endring i arealbruk (ofte gjennom avgjerder i kommunal arealplanlegging) er den største negative faktoren for naturmangfaldet. Dette gjeld for heile 89,2 % av dei trua artane.
- I vår tid utryddast artar 100 til 1000 gongar raskare enn kva som er tilfelle under naturleg evolusjon.
- Vestnes kommune arbeider med en kommunedelplan for naturmangfald. Dette arbeidet kan utløyse statlege midlar til kartlegging og kunnskapsinnehenting.

Les meir her:

[Påvirkningsfaktorer \(artsdatabanken.no\)](#)

Naturmangfald

Trusler mot naturmangfold i Norge




Kilde: Artsdatabanken Licens: [Norsk Lisens for Offentlige Data \(NLOD\)](#)

Figuren viser verknaden endring av arealbruk har for naturmangfaldet i Norge.



Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap



- Vestnes kommune har stor variasjon både i kulturminne og kulturmiljø/-landskap, dei er ei kjelde til kunnskap, opplevingar, verdiskaping og styrking av lokal identitet og fellesskap.
- Gravrøysene på Gjermundnes er vurdert av Norsk kulturråd til å ha internasjonal verdi. Kyrkjene, dei tre bruene over Vestnesstraumen, Vestnes prestegard, Krohg-alléen og Den Trondhjemske postveg-traséen gjennom sentrum er døme på kulturminne av nasjonal verdi.
- I regionreforma er det stilt politiske forventningar om at kulturmiljø i større grad skal inngå i samfunnsutviklarrolla på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
(Riksantikvaren)

Les meir her:


[Regional delplan for kulturminner \(mrfylke.no\)](http://mrfylke.no)
[Kulturarvplan \(vestnes.kommune.no\)](http://vestnes.kommune.no)

- Sjøfart, jordbruk og vegtrafikk står for dei største utsleppa av klimagassar innanfor kommunen sine geografiske område.
- Klimagassutsleppa i Vestnes kommune skal innan 2030 vere redusert med 60 % i høve referanseåret 2009. I 2022 var utsleppa redusert med 22 % i høve 2009. Men, vi ser av søylediagrammet til venstre at dette ikkje er ein sterk trend.
- Arbeid med reduksjon av klimagassutslepp må omfatte heile Vestnes-samfunnet.
- Arealrekneskap i nye planar kan gjere greie for konsekvensane av endra arealbruk og gje føringar for tiltak som kan redusere utsleppa.
- Bevaring av myrområde bidreg til lagring av karbon i jorda og motverker utslepp av CH₄ som har 25 gonger så stor klimapåverknad som CO₂.

Les meir her:

[Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker](https://miljodirektoratet.no)
(miljodirektoratet.no)


Klimagassutslepp



Klimagassutslepp fordelt på ulike sektorar, målt i tonn CO₂-ekvivalenter, som betyr at utslippane for hver gass vektes etter gassens globale oppvarmingspotensial (GWP).



Energibruk



Figuren viser kraftunderskott ved ulike kombinasjonar av produksjons- og forbruksscenario. Kjelde: elinett.no

- Norge har som mål å redusere klimagassutsleppa ved å redusere bruken av fossil energi og erstatte den med fornybare energikjelder.
- Møre og Romsdal er ein region med mykje kraftkrevjande industri. Vi vil sjå ein auke i kraftbehovet framover der stadig fleire delar av industri og samfunn skal elektrifiserast. Tilgang på nok, grøn energi vil bli ei spesiell utfordring for regionen vår framover.
- Energisparing, energieffektivisering og meir fleksibel energibruk kan gi både lågare klimagassutslipp, lågare kostnader og frigi energi til å elektrifisere sektorar med høgt forbruk av fossil energi som igjen vil føre til vidare reduksjon av klimagassar.

Les meir her:

[Meld. St. 36 \(2020–2021\) \(regjeringen.no\)](http://Meld. St. 36 (2020–2021) (regjeringen.no))

[Energisituasjonen i MR etter 2026 \(moreforsk.no\)](http://Energisituasjonen i MR etter 2026 (moreforsk.no))

- I Møre og Romsdal og Vestnes kommune vil klimaendringane krevje tilpassing til ekstrem nedbør og auka problem med overvatn, endringar i flaumforhold og flaumstorleikar, jordskred og flaumskred, samt havnivåstigning og stormflo.
- Årsnedbøren i Møre og Romsdal er berekna å auke med kring 15 %. Nedbørauknen i millimeter blir størst for dei nedbørrike områda nær kysten.
- Episodar med ekstrem nedbør er venta å auke vesentleg både i intensitet og frekvens, og dette vil stille større krav til handtering av overvatn i utbygde strok i framtida.
- Havnivåstigninga er berekna til 73 cm for Vestnes kommune i 2090. Ei slik havnivåstigning vil gi 431 overflødde bygningar ved middelvasstand og over 1000 bygningar ved ei 200 års stormflo.

Les meir her:

[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)

[\(klimaservicesenter.no\)](#)

[Klima i Norge 2100 \(klimaservicesenter.no\)](#)

[Se havnivå \(Kartverket.no\)](#)

Klimaendringar – kva betyr det for oss?



Foto: Vestnes kommune

VESENTLEG AUKE		MOGELEG VESENTLEG AUKE	
	Ekstrem nedbør		Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren
	Regnflom		Kortare isleggingssesong, hyppigare vinterisgangar samst isganger høgare opp i vassdragene. Nesten isfrie elver nær kysten
	Jord-, flom- og sørpeskred		Med eit varmare og vétare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for terrsnskred, og auke faren for våtsnskred i skredutsatte område
	Stormflo		Auka erosjon som følge av hyppigare og større flaumar kan utløyse fleire kvikkleireskred

Samandrag av venta endringar i Møre og Romsdal frå perioden 1971–2000 til 2071–2100 i klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan ha verknad for samfunnstryggleiken. Kjelde: Norsk klimaservicesenter



Vern av skog kan gi beskyttelse



Illustrasjonane frå Ramberget er henta frå NVEs Aktsemdkart for snøskred, NAKSIN. Kartlaget ble publisert sommaren 2023 og gjeld for tiltak i tryggleiksklasse S1 og S2 (dei fleste bygnader). Tiltak i klasse S3 (sjukeheim, skule, barnehage etc.) har høgare krav til tryggleik.
Kjelde: [NVE.no](https://www.nve.no)

- Flatehogst av skog kan auke snøskredfaren betydeleg.
- Øvst kan du sjå aktsemdsområde for snøskred utan skogeffekt markert med rosa. Nedst ser du den skredreduserande effekten av skogen markert med blått.
- Ved utbygging i områder som er dekka av aktsemdkartet utan skogeffekt, men som ligg utafor aktsemdsområdet med skogeffekt, må kommunen sikre at skogen som har betydning for tryggleiken blir forvalta på ein måte som ikkje aukar skredfaren.
- Ved utbygging må det dokumenterast at skogen som er kartlagd faktisk står der.
- Ein aktiv og medveten skogforvaltning er svært viktig for å redusere fare for ras, flaum og overvatn. Arbeidet med ein vernskogplan startar opp i 2024.

Les meir her:

[Skredfarekartlegging i bratt terreng \(Nve.no\)](#)
[NVE Temakart](#)

- Skadar frå klimaendringane kan gi store kostnadars for samfunnet. Vi må forberede oss og tilpasse oss i måten vi innrettar og bygger samfunnet på.
- Overvatn må i større grad handterast lokalt gjennom infiltrasjon, fordrøyning og opne vassvegar.
- Eit dataangrep kan få alvorlege konsekvensar for den kommunale drifta. Kommunar må også sikre seg mot dataangrep og ha beredskapsplanar klare dersom det skjer.
- Eit lengre avbrot i straum- eller vassforsyninga kan få omfattande konsekvensar for kommunal drift og for kommunens innbyggjarar.
- Ein viktig del av nasjonal og kommunal beredskap er innbyggjarane si evne til å ta vare på seg sjølv. Slik at myndigheiter får tid til å orientere seg og hjelpe dei som treng det mest.

Les meir her:

[Slik kan vi tilpasse oss \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no)
[FylkesROS \(statsforvalteren.no\)](https://statsforvalteren.no)
[Overorda ROS 2023 Vestnes kommune](https://www.vestnes.no)

Sikkerhet og beredskap



Viss straum eller vatn blir borte eller du blir isolert over fleire dagar, bør du vere rusta til å klare deg sjølv i 7 dagar. Kjelde: [DSB.no](https://dsb.no)

I korte trekk

Utfordringar

- Klimaendringane trugar vårt eksistensgrunnlag og er blant dei største utfordringane vi står overfor.
- Menneskeleg inngrep - nedbygging og fragmentering av areal er den faktoren som har størst negativ påverknad på naturmangfaldet.
- Regionen har eit kraftunderskot som etter prognosane vil auke framover.
- Eit villare og våtare vêr kan bidra til farlege situasjonar og tap av både menneske og materiell. T.d. Flaum, skred og overvatn.
- Arbeid med klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp vil stille store krav til ressursar, kompetanse og beredskap i kommunane.

Moglegheiter

- Gjennom redusert forbruk og aktive val av klimavennlege løysingar ved innkjøp, val av byggematerial, reiseverksemde og haldningsskapande arbeid, kan den enkelte, næringslivet og offentlege verksemder påverke utslepp også utanfor sitt geografiske område.
- Kommunen er planmynde og arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å hindre tap av natur.
- Kartlegging av naturmangfold, skredfare og overvatn gir oss verdifull kunnskap om korleis vi bør planlegge framover.
- Naturen kan hjelpe oss med mange av dei utfordringane vi står i, som til dømes demping av flaum, reinsing av overvatn og opptak og lagring av CO₂





Brugata 10 | 6390 VESTNES

Telefon: 71 18 40 00

E-post: Servicekontoret@vestnes.kommune.no

Org.nr 939 901 965 | Kommunenummer 1535